

# Typar feil i nynorsk

Aud Søyland

Norsk språkråd arbeider for tida med ein revisjon av nynorsknormalen, og i den samanhengen har fagnemnda bede meg laga ei av fem utgreiingar som kan vera til nytte for Språkrådet i dette arbeidet. Mi utgreiing handlar om kva punkt i nynorsknorma brukarane har mest problem med. Brukarane er i denne samanhengen definerte som skriftmålsbrukarar med nynorsk som hovudmål.

Eg har valt tre innfallsvinklar, og har prøvd å seia mest mogleg om emnet innanfor ei ramme på eitt månadsverk. Derfor er utgreiinga også delt i tre:

- 1) Oppsummering av tidlegare granskinger
- 2) Typiske feil i KAL-materialet frå 2000 – ein gjennomgang og registrering av feil i eksamenssvar frå tiandeklassingar
- 3) Vanlege feiltypar i nynorsk – ei registrering av feiltypar som går att i nynorske tekstar generelt

Når eg heretter talar om feil i nynorsk, så meiner eg skrivemåtar som ikkje samsvarer med gjeldande rettskriving.

Også når eg bruker nemningar som hankjønnsord, hokjønnsord, inkjekjønnsord, a-verb, e-verb, sterke verb og svake verb, siktar eg til gjeldande rettskrivinga i nynorsk.

# 1 Oppsummering av tidlegare granskningar

## Geirr Wiggen (1992/1996)

Wiggen gav i 1992 ut doktorgradsavhandlinga si, "Rettsskrivings-studier", som var ein kvalitativ og kvantitativ analyse av rettskrivingsavvik hos austnorske barneskulelevar. I 1996 skreiv han ein artikkel om emnet i Omdal: *Språknormering og språkbrukar*, og oppsummeringa her er basert på den artikkelen og på det engelske samandraget i doktorgradsavhandlinga

Wiggens materiale omfattar frie skriftlege tekstar frå 15 ulike skular på Austlandet, like mange nynorsk- og bokmåltekstar. Hans mål har fyrst og fremst vore å kasta lys over kva det er i dei norske rettskrivingsnormene som synest å skapa størst vanskar for dei som skal læra å skriva for fyrste gong. Feiltypane er skildra på grafemnivå, og deretter er skriftbiletet samanlikna med talemålsformene til elevane, og med andre skriftmålsformer som kan ha påverka dei.

Dei viktigaste poenga kan oppsummerast slik:

- Av dei registrerte avvika er om lag halvparten skriftspråkspesifikke, dvs. teiknsetjing, stor/liten bokstav, sær- og samanskripling. Dei er ikkje medrekna i det vidare arbeidet.
- Dei andre avvika er grafematiske, og om lag halvparten av desse normavvika er i samsvar med talemålet til elevane. Det synest verre å læra seg av med dei avvika som er talemålssamsvarande, enn med andre avvik.
- Dei fleste rettskrivingsavvika gjeld konsonantismen (62 %), færre vokalismen (37 %). Avvik i konsonantismen dreier seg særleg om grafem-utelating, og noko mindre om grafem-tillegg. I vokalismen er det mest ombyting av vokal, mindre utelating og tillegg.
- Det som er aller vanskelegast for norske elevar å meistra i rettskrivinga, er bruken av enkel og dobbel konsonant. Mange lærer aldri å meistra dette punktet i rettskrivinga fullt ut.
- Bokmålselevane har mange avvik som samsvarer med nynorsk, neppe på grunn av interferens frå nynorsknorma, men fordi nynorsk i stor grad byggjer på den vestnorske kvantitetstypen V:K, og bokmål på typen VKK. Når elevane skriv enkel konsonant i staden for dobbel, samsvarer det ofte med nynorske skrivemåtar.
- Feilskripling av morfema *å* og *og* utgjer ein stor del av vokalombyta i undersøkinga.
- Jenter lærer å følgja rettskrivingsreglane tidlegare enn det gutar gjer, men det skjer ei utjamning rundt 6. klasse.
- Av nynorskelevane har jentene meir avvik i retning bokmål enn det gutane har, noko som kan forklarast med at jenter er meir opptekne av å bruka det språket som har høgst sosial status.

- Elevar med foreldre som les og skriv jamleg i arbeidet sitt, synest å ha ein klar fordel framfor elevar med foreldre som les og skriv lite.
- Skal ein ta omsyn til praktisk-pedagogiske skuleerfaringar, bør ein vurdera å ta opp reglane for bruk av enkel og dobbel konsonant og av *å* og *og* til ny vurdering og eventuelt revisjon.

## Lars Vassenden (1994)

I artikkelen ”Språkleg nivåsenking – realitet eller myte” (i *Språklig nivåsenking?*) gjer Vassenden greie for arbeidet med å undersøkja om det har skjedd ei nivåsenking i språket i samfunnet vårt. Han slår fast at det eigentleg er uråd på objektivt grunnlag å avgjera om og når eit språk er maksimalt godt, om og når det vert brukt maksimalt riktig og heilt ut føremålstenleg. Med prosjektet prøver ein likevel å seia noko om det, eit stykke på veg.

Prosjektet ”Studenters ferdigheter i norsk” begynte som eit prosjekt ved Institutt for generell psykologi ved Universitetet i Bergen, delvis i samarbeid med Nordisk institutt. Prosjektet skulle stadfestha eller avkrefta den vanlege meiningsa at vår tids unge ikkje har same evne som unge i 60- og 70-åra til å bruka språket riktig og føremålstenleg.

Materialet var 300 eksamenssvar frå examen philosophicum ved Universitetet i Bergen, i 1966, 1977 og 1988. Eksamensoppgåvene danna grunnlag for ei kvantitativ undersøking. Fire eksterne sensorar vart brukte til å vurdera svara. Dei var alle lektorar i vidaregåande skule.

Resultatet av granskinga var at det kan sjå ut som om norske studentar har vorte mindre støe i ortografi og morfologi frå 1966 til 1977, mens det ikkje har vore noko synleg forverring frå 1977 til 1988. Årsaka kan vera at mykje breiare lag av folket begynte på universitetet i 1977 enn i 1966. Når det gjaldt syntaks og struktur, var det ingen statistisk signifikant skilnad.

I ettertid viste det seg at dei fire sensorane hadde lagt vekt på ulike sider ved svara, og at resultatet derfor var heller vilkårleg. Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen fekk derfor midlar til å gjennomføra ein kvalitativ analyse av oppgåver frå det same materialet. Føremålet har vore å evaluera språkbruken i eksamenssvara med tanke på kva vi meiner når vi talar om ”språklege ferdigheiter”.

Resultata viser i grove trekk:

- Mange studentar bryr seg lite om den formelle utforminga av teksten.
- Påfallande mange kandidatar blandar bokmålsformer og nynorskformer (det gjeld både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar).
- Mange er dårlige til å stava framande namn og fagord.
- Ein del feil må koma av at studentane har manglende kjennskap til grammatiske og pragmatiske reglar for utforming av skrivne tekstar.
- Bokmålsskrivande studentar gjer fleire mistak i bokstavering av ord enn i bøyning av ord.

- Nynorskskrivande studentar gjer færre mistak i bokstavering av ord, men fleire i bøyning av ord. Dei har vanskar med å gje substantiva riktig genus.

Vassenden konkluderer med at det er vanskeleg å seia om dei norskspråklege ferdigheitene materialet viser, reflekterer ei nivålågning eller ei nivålyfting. Det kan henda prosjektgruppa har klarare svar etter å ha gått gjennom større delar av materialet. Han understrekar òg at det ikkje treng vera tale om nivålågning i kjennskapen til det norske språksystemet, men i haldninga til dei krav samfunnet stiller når det gjeld ”rett” språkbruk.

## Trude Hoel (1995)

Trude Hoel har skrive ei hovudoppgåve i nordisk språk og litteratur ved Høgskolen i Agder/Universitetet i Oslo med tittelen *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær?*. Ho tok for seg skriftnormalane i Danmark, Sverige og Noreg, og ville sjå på det reelle forholdet mellom utforminga av ein skriftnormal og innlæring og meistring av den same normalen.

Ho viser at rettskrivingsnormalane i Danmark og Sverige er relativt ”tronge”, mens Noreg har relativt ”vide” utformingar av rettskrivingsnormalane både for bokmål og nynorsk. Ho har ikkje sjølv hatt høve til å samla inn materiale, men presenterer ein del forholdsvis nye rettskrivingsundersøkingar.

I Danmark og Sverige er ein redd for at tekstane blir mindre lesbare dersom det er mykje valfridom i skriftspråket. Hoel viser til IEAs studie av lesedugleik blant elevar i dei skandinaviske landa. Der ser det ikkje ut til at norske elevar har därlegare evne til å lese og forstå ein tekst enn elevar frå dei andre landa.

Undersøkinga kan ikkje gi noko eintydig svar på om ein blir ein därlegare eller ein betre skribent dersom ein blir opplært i og bruker ein skriftnormal med mykje valfridom. Det kan likevel sjå ut til at utforminga av skriftnormalen har lite å seia for den ferdigutdanna skribenten. Feil førekjem i alle fall, anten ein følgjer ein ”vid” eller ein ”snever” normal. Men det ser ut til at ein ”vid” normal er ein fordel for den som skal læra seg å skriva, dersom valfridommen er med på å byggja ut lyd-skrift-korrespondansen.

Det største ankepunktet mot dei skandinaviske skriftnormalane, anten dei er ”vide” eller ”snever”, er at dei manglar konsekvens i utforminga.

## Tormod Stauri (20001)

Tormod Stauri ved Høgskolen i Hedmark har gjennomført ei undersøking som har danna grunnlaget for artikkelen ”Kor godt meistrar kommande lærarar nynorsk?”. Artikkelen er upublisert og førebels uferdig i forma, skriv Stauri til meg, men konklusjonane er klare. Materialet hans var om lag 100 eksamensvar frå Norsk 1 ved ein utdanningsinstitusjon som ligg vestafjells.

Problemstillingane hans var:

1. Kor sterkt – og på kva måtar – grip b-norma (her: bokmål) og dialekten til kvar enkelt skrivar inn i skrivemåtane?
2. Er det ord- og bøyingskategoriar som skil seg ut når det gjeld mengd avvik?
3. Kva didaktiske refleksjonar bør ein gjera seg ut frå resultata i undersøkinga?

Han kom mellom anna fram til desse resultata:

- Me ser samsvar med bokmål på tre måtar:
  - ved at bokmåls-ordformer blir tekne inn i nynorsk
  - ved at leksemet er bokmål, men at fleksjonsmorfemet er nynorsk
  - ved at leksemet er nynorsk medan fleksjonen er bokmål.
- Det ser ut til å vera mindre av talemåls-interferens enn av bokmålsinterferens, og talemåls-interferens gjeld eit lite utval ord, t.d. infinitiven ”sei” for ”seie”.

Stauri meiner det er særleg grunn til å tru at dialektformer stikk fram i avviksmengda der dialekt og bokmål går i *same* lei, og i mindre grad der dialekt og bokmål er forskjellige.

Vidare finn han flest normavvik i ordklassane substantiv og verb – noko som ikkje er uventa, sidan det er dei mest frekvente ordklassane.

I dei 60 svara har Stauri skilt mellom *leksikalske* avvik og *grammatiske* avvik, både i substantiv og i verb.

Når det gjeld substantiv, finn han mest feil i bøying av substantiv som må vera hokjønn i nynorsk, men som kan vere hankjønn i bokmål (t.d. forståingen, boken). B-norma stikk tydeleg fram i nøytrumsformer også, særleg i fleirtal (t.d. fonemer, kapitler, dømer).

I verb finn Stauri om lag like mange avvik i retning b-norma som substantiva hadde. Avvika kjem særleg fram i partisipp av sterke og svake verb. Vidare blir verbformer med -ast brukte på same måten som i bokmål.

Oppsummering:

- Studentar skil ikkje dei nynorske bøyingsmorfema i dei tre kjønna av substantiv godt (nok) ut frå bøyingsmorfema i bokmål.
- Det må arbeidast meir systematisk med hokjønnsbøyinger og hokjønnsord ved å stilla spørsmålet: Kva for substantiv kan vera hokjønn i bokmål, og kva for nokon er det i nynorsk?
- Skal lærarhøgskulen klara å utdanna lærarar til å undervisa etter dei rammekrav som står i L 97, krev det aktiv undervisning i desse emna.
- Det må òg undervisas i praktisk bruk av bokmål i lærarutdanninga.

## 2 Typiske feil i KAL-materialet frå 2000

KAL-prosjektet (Kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftleg) er eit samarbeidsprosjekt mellom fire institusjonar: Institutt for anvend språkvitskap, NTNU, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, UiO, Institutt for lærarutdanning og skuleutvikling, UiO, og Læringssenteret. Gjennom dagleg leiar for KAL-prosjektet, Wenche Vagle, fekk eg tilgang til ein del av materialet som er samla inn til bruk i prosjektet. Materialet inneheld eksamensoppgåver frå tiandeklassingar frå fleire årgangar attende, og er skrive inn på data med kode for kvar skule og elev. Eg bad om å få oppgåvene frå år 2000, og fekk då tilsendt ein cd-rom med det aktuelle materialet. Cd-rommen inneheld tekstar frå 16 nynorskklassar med i alt 299 elevsvar. Av dei er 29 svar på bokmål og eitt på dialekt, og dermed vart materialet redusert til 269 elevsvar. Seks av klassane held til på Austlandet (Telemark, Buskerud og Oppland), ein høyrer til i Vest-Agder, og ni høyrer til Vestlandet – frå Rogaland i sør til Møre og Romsdal i nord. I oppteljingane nedanfor har eg skilt mellom Austlandet (105 elevar) og Vestlandet (164 elevar), for om mogleg å sjå om det var nokon skilnader i feiltypane blant austnorske og vestnorske elevar.

Med feil meiner eg her rettskrivingsmåtar som ikkje samsvarer med gjeldande nynorsk rettskriving.

I samråd med Helge Sandøy bestemte eg meg for å registrera feil i substantiv, leksem og bøyning, og feil i verb, leksem og bøyning. Vidare har eg registrert feil i samsvarbøyning av sterke partisipp og i adjektiv på -en, og feil i visse pronomener.

Når eg nedanfor talar om hankjønnsord, hokjønnsord, sterke verb, a-verb osv., siktar eg til den bøyninga dei har i gjeldande nynorsk rettskriving.

Eg har ikkje registrert stavefeil som ein like gjerne finn i bokmåltekstar, til dømes brot på regelen om bortfall av dobbel konsonant framfor konsonant (begynnte), fordi eg forstår det så at det er uaktuelt å ta opp slike sider ved rettskrivinga no.

Eg var i tvil om eg berre skulle oppgje tala for registrerte avvik, men kom til at det kan vera nyttig for fagnemnda å sjå feiltypane. Lesaren som ikkje er interessert i å studera dei opprekningane, kan hoppa over kulepunktene nedanfor, og lesa teksten innimellom.

### Substantiv

#### **Feil i bøyingsmorfemet**

Det er tydeleg at svært mange elevar ikkje tenkjer på at det er ein samanheng mellom eintal og fleirtal, når dei bøyer eit substantiv i kjønn og tal. Det ser ein av at dei kan bøya same substantiv etter ulike mønster i eintal og fleirtal. Derfor har eg valt å skilja mellom eintal og fleirtal når eg har registrert feil i bøyingsmorfemet. Orda er første opp i ubunden form, men med den skrivemåten eleven har brukt.

#### Feil kjønn i eintal

- **Hokjønnsord får hankjønnsbøyning, anten ved ubunden artikkel *ein* framfor, eller bunden artikkel *-en* etter:**

aning, badstu, bedring, befriing, bok, bombe, bombing, brikke, bru, brud, bukse, byrde, bøn/bønn, dame, drakt, duft, dør, elendigheit/elendighet, endring, eng, eske, evigkeit, ferd, fiksering, finurlegheit, flate, forandring, forbausing, forferdelighet, forskning, forstørring, fritid, frykt, gate, gave, glede, grein/gren, grense, gruppe, historie, hjelp, hud, høgde, inntekt, interesse, investering, jakke, jakt, jente, kjede, kjensle, kjærlighet, klo, knatring, kraft, kribling, kvalifisering, kvasshet, kvinne, kyrkje, leilegheit/leilegheit/leilighet, lomme, luft, lykke, lyst, løysing, makt, mamma, mengd(e), mening, moglegheit/muligkeit/mulighet, mor, munvik, natt, nyheit/nyhet, næring, oldemor, oppgåve, oppmerksomheit, overlegenhet, oversikt, personlegheit, pille, pute, rand, reise, retning, rolle, ryggrad, sak, sannhet, seng, setning, side, sikkerhet, sjel, sjølvfølgje, skive, skjønnheit, skråning, skulder, sky, slegge, smerte, sminke, sol, sorg, spenning, sprøyte, stemme, stemning, stillhet, straff, stripe, stund, sulting, syster/søster, øyle, telling, tid, tjeneste, tomhet, trening, tro, tåre, uke, umoglegheit, unnskyldning, utbygging, vakt, vekt, vennine, verden, virkeligheit, økt, øy, årsak,

Denne opprekninga viser at det nesten ikkje finst grenser for kva slags ord som kan få hankjønnsbøyning, sjølv om dei har hokjønnsbøyning i nynorsk, og stort sett også i dialektane (jf. *jente*, *dame*, *kvinne*, *mor*, *syster* t.d.). Ved nærmare ettersyn kan me likevel sjå at to grupper substantiv går att: nemleg dei som endar på *-ing*, og dei som har suffikset *-heit/-het*. Sjølv om dei fleste *-ing*-ord har hokjønnsbøyning i nynorsk, er det ikkje uvanleg at dei får *-en* i målføra, og dessutan står *-ing*-bøyninga svært sterkt i bokmål; oftast er ho eineform der. Nett det same gjeld for ord på *-heit/-het*.

Andre ord som går att svært ofte med hankjønnsbøyning, er *glede*, *historie*, *mengd(e)*, *rand*, *sak*, *side*, *stemme*, *stund*, *tid*, *årsak*.

Det er nærliggjande å tru at hankjønnsbøyninga breier seg etter mønster frå bokmål, der felleskjønn står stadig sterkare. I alt 141 av 269 elevar (52 %) bøyer eitt eller fleire hokjønnsord som hankjønnsord i eintal. Det gjeld 65 av 105 austnorske elevar (62 %) og 76 av 164 vestnorske elevar (46 %).

Det er truleg ikkje tilfeldig at hankjønnsbøyninga står sterkest på Austlandet. Elevane der blir meir påverka av bokmål både i skrift og tale enn vestlandselevane. Dei er i utkanten av nynorskområdet og ser såleis mindre skriftleg nynorsk, og dialektane i austlandsområda er dessutan under sterkt press frå bokmål.

- **Hankjønnsord får hokjønnsbøyning, anten ved ubunden artikkelen *ei* framfor, eller bunden artikkelen *-a* etter:**  
affære, ambulanse, annonse, appelsin, arm, atmosfære, begravelse, bue, dialekt, dose, familie, fase, flom, forstand, fred, garderobe, gong, grimase, heis, karriere, katt, kontakt, kreft, kvote, livsstil, lyd, låt, medalje, munn, narkose, nase/nese, overdose, pause, periode, protese, reklame, rest, runde, sand, skjebne, skole/skule, spann, stank, stopper, sveitte, tabbe, tanke, tragedie, tribune, ås

Også her er det nok ein del ord som har fått hokjønnsbøyning litt ”tilfeldig”, men ei ordgruppe går att her: framandord som endar på trykklett *-e* i eintal, altså typen *ambulanse*, *atmosfære* osv. Dei har vanlegvis hankjønnsbøyning i nynorsk, men i dialektane blir dei ofte bøygde som hokjønnsord. Mange ord med norsk opphav som endar på trykklett *-e*, har valfri bøyning: *lampe*, *plante*, *tale*. Når elevane har støtte både i talemålet og i parallelle ordgrupper, er det ikkje rart om dei trur at desse orda kan ha feminin bøyning.

To ord går att særleg ofte her: *skole/skule* og *gong*.

I alt 70 av 269 elevar (26 %) bøyer eitt eller fleire hankjønnsord som hokjønnsord i eintal. Det gjeld 33 av 105 austnorske elevar (31 %) og 37 av 164 vestnorske elevar (23 %). Det er naturleg, for dei nemnde framandorda har i større grad hokjønnsbøyning på Austlandet enn på Vestlandet.

### Feil i fleirtalsbøyning

Som nemnt har eg behandla fleirtalsbøyninga for seg, fordi eg meiner det er klart at elevane ikkje nødvendigvis oppfattar eit ord som hokjønnsord sjølv om dei skriv ordet med -er i fleirtal. Eg har såleis skilt mellom hokjønnsord som får -ar i fleirtal, hankjønnsord og -ing-ord som får -er, og inkjekjønnsord.

#### • **-ar i fleirtal av hokjønnsord**

augevippar, avgjerslar, avisar, bekvemelighitar, bombar, damar, dristigheitar, dørar, einheitar, flaskar, gardinar, greinar, haspar, hemlighetar, hendar, hettar, hinnar, jentar, kjedar, kjenslar, kreftar, kronar, kular, kvinnar, leilighetar, leksar, løypar, mengdar, muggar, nettar (= pl. natt), nyheitar, pillar, pliktar, rollar, sakar, sidar, sjelar, skuldrar, smertar, stemmar, stjernar, stormaktar, strofar, såpar, tjenestar, trappar, tårar, ulikheitar, utfluktar, vanskelighetar, vekar, vektar, årsakar

I tillegg til denne lista finn me nokre uregelrette substantiv med anna kjønn i eintal, men -er i fleirtal etter norma: *foreldrar*, *føtar* (ubunden form), *skoane* (bunden form)

*Dørar*, *skuldrar* og *tårar* går att mange gonger. Sidan *heit*-ord har hankjønnsbøyning i mange dialektar, er det truleg ei årsak til at me finn mange *heit*-ord med -ar i fleirtal.

I alt 59 av 269 elevar (22 %) bøyer eitt eller fleire hokjønnsord som hankjønnsord i fleirtal. Det gjeld 30 av 105 austnorske elevar (29 %) og 29 av 164 vestnorske elevar (18 %).

Forklaringsa på at fleire austnorske elevar gjer denne feilen, kan vera ”hypernynorsk”, det vil seia at dei overdriv bruken av -ar fordi det ”kling nynorsk”. Fleirtalet av vestlandselevane er omgitt av meir nynorsk i kvardagen, og kan ha ei sikrare kjensle for kva som er riktig nynorsk.

#### • **-er i fleirtal av hankjønnsord og substantiv på -ing**

advokater, aktiviteter, armer, biler, biter, bjelker, blomster/blomstrer, boliger, boller, byer, dager, deler, doer, dommer, draumer, eigenskaper, elever, episoder, etapper, etasjer, familier, fasonger, favoritter, feministar, fester, filmer, finesser, fisker, fordeler, forhåpninger, forstyrrelser, forventninger, frakker, friminutter, frosker, frysninger, fugler, følelser, garder, garderober, gasser, genserer, gjenger, grunner, gutter/gutter, hindringer, hjelmer, homser, idioter, innleveringer, jobber, jøder, kalorier, kamerater, kamper, kanter, karakterer, kataloger, katastrofer, katter, kemikaljer, kjaker, klemmer, knokler, kommentarer, konkuranser, konsekvenser, koster, koteletter, kropper, kunder, kurer, kvartaler, kvelder, kvoter, ladninger, lammelser, leger, leiker, lokker, lyder, lærarar, madrasser, medisiner, millioner, minutter, muligheter, muskler, móbler, måter, naboen, nerver, never, operasjoner, opplysninger, opptøyer, palmer, passasjerer, penger, perioder, planer, planker, plasser, premisser, prikker, proteser, pupper, reaksjoner, regler, reklamer, reportasjer, rester, ruiner, sanger, sekunder, sjoklader, skader, skikkelsar, skuler, slanger, slanter, småtasser, soldater, statuer, steiner, stiler, strekninger, stråler, styrker, svinger,

sykler, sysler, tabber, tallerkner, tanker, tentamener, timer, tommer, toner, traktorer, turer, tviser, tyskarer, ungdommer, unger, uroligheter, vaner, vansker, vegringer, vitser, øydeleggelser, åttendeklassinger

I tillegg til orda i denne lista er det to ord som får -ene i bunden form, sjølv om dei har 0-endring i ubunden form: *foreldrene, tingene*. Forma *foreldrene* kjem att svært ofte.

Det er vanskeleg å sjå noko ”system” i bøyingsfeila her, og den nærmeste forklaringa er at elevane er sterkt påverka av eit skriftbilete frå bokmål som dei tek med seg når dei skriv nynorsk. I denne lista finn me rett nok att mange framord som endar på trykklett -e (typen episode), og det kunne vera freistande å seia at elevane har gitt dei feminin fleirtalsbøyning fordi dei bøyer dei som hokjønnsord i eintal. Men helst er det tilfeldig. Me har sett at elevane set feil kjønn på mange ord også i eintal, og truleg reflekterer dei endå mindre over kva kjønn eit ord har, når dei bruker ordet i fleirtal. Punkta ovanfor og nedanfor synest å stadfesta det.

I alt 148 av 269 elevar (55 %) bøyer eitt eller fleire hankjønnsord som hokjønnsord i fleirtal. Det gjeld 63 av 105 austnorske elevar (60 %) og 85 av 164 vestnorske elevar (52 %).

- **Feil bøying i inkjekjønnsord i fleirtal**

alternativer, auger/augar/øyer/øynar, belter, bilder/bildar/bileter, blader, bryster/brystrar, dokumenter, eksemplar, forbilder, goder, hjelpeidler, hjerter, idoler/idolar, kleder/kledar/kler/klær, komplekser, kvartaler, magasinar, mennesker/menneskar, merker, midlar (= middel), minner/minnar, møter, ofrer, områder, organer, papirer/papirar, problemer/problemar, produkter/produktar, resultater, rykter, selskaper, steroider/steroidar, stoffer/stoffar, stykker/stykkjer, talenter, teppar, tilfeller, trær/trer, vinduer, vitnar, ører/øyrer/øyrar

I tillegg kjem ein del inkjekjønnsord som har 0-ending i ubunden form fleirtal (også i bokmål), men som her har fått -ene i bunden form: *brynenes, dyrene, kastene, kortene, kravene, leddene, lårrene/lårne, rommene, tingene, trekkenes, årene*

I alt 131 av 269 elevar (49 %) bøyer eitt eller fleire inkjekjønnsord som hokjønns- eller hankjønnsord i fleirtal. Det gjeld 51 av 105 austnorske elevar (49 %) og 80 av 164 vestnorske elevar (49 %).

Det er 55 av dei 269 elevane (20 %) som ikkje har nokon feil i fleirtalsbøyning av substantiv; 18 av dei 105 austlandselevane (17 %), og 37 av dei 164 vestlandselevane (23 %).

## Feil i leksemet

### Feil i vokalismen

- **Diftong blir til monoftong**

ensomhet, fett, gren, høst, lek, lørdag, mening, mester, mesterskap, rødvin, strøm, svette, ødelegging

Det er ikkje så svært mange døme på monoftongisering, men nokre ord går att ofte: *fett, høst, lørdag, mester*. Dessutan er suffikset -heit oftast skrive -het.

- **Vokal i endingsmorphemet blir endra**

alkoholiker, arbeider, arbeidstaker, bosnier, deltaker, dommer, forfatter, fører, høytaler, indianer, kjeller, kører, leder, leser, lærer, mekaniker, misbruker, motstander, oppstopper, pleier, rørlegger, rådgiver, serber, sjukepleier, smører, spiller, taper, tilskuer, trener, utøver, viser

Feil vokal i suffikset i verbalsubstantiv på -ar og andre ord med dette suffikset er ein feil som stadig går att. Døme som *høytaler*, *spiller* og *tilskuer* har også elles ei form som ligg heilt opp til bokmål, og derfor er det lett å gje dei bokmålssuffikset. Men dei fleste av døma her svarer truleg til uttalen -ar (-ær) i talemålet til storparten av elevane i materialet.

- **Annan vokal blir endra**

aften, albue, armhule, aske, blikkboks, breidd, brostein, bryllup, brøst, bud, bånd, datter, doktor, drøym (= draum), dråpe, dugg, dukke, fettar, forhald, frokost, fråver, gang (= gong), gave, gensar, gong (= gang), gulv, gård, heite (= hete), hilsen, hule, høgde, hånd, kaffe, kilde, kirke, kjærrest, kullkraft, leilighet, lengde, mandag, melk, mengde, midtgong, morgen, måned, nese, oppgave, opphold, opphuggeri, reist (= rest), rompe, samhold, sang, skuespill, skulegård, skår, slalom, slipp, smilehull, sommer/summer, sted, stopper, sykehus, sønn, tang, tilbud, trang, tro, troppe (= trapp), tålmod, uke, utgong, utsagn, utslipp, vintar, vær, åpning

Det som slår ein når ein ser denne lista, er at dei aller fleste feila samsvarer med bokmål. Det er verken rart eller uventa. Om årsaka er skriftmålspåverknad eller talemålsgrunnlag, er ikkje alltid så lett å seia. Men her finst også reine dialektinnslag: *brøst*, *fettar*, *gensar*, *høgde*, *midtgong*, *utgong*, *vintar*. Nokre skrivemåtar er truleg utslag av "hypernynorsk": *forhald*, *heite*, *reist*, *summer*. Fire ord i teksten har opplagt sterkt dialektgrunnlag, og kjem att mange gonger: *breidd*, *høgde*, *lengde*, *mengde*. *Gang* i tydinga 'ein gong' og *gong* i tydinga 'ein gang; koma i gang' er òg feil som går att ofte.

- **Både vokal og konsonant blir endra**

bod (= bu), bue, fing (-en), hilsen, hode/hue, hodeskalle, hovedkvarter, høyde, kyr, ledar, seier, skjeve (= skive), skudd, skuespill, speil/spil, spill, spiller, sulting, svømmebasseng, tegn, tirsdag, uke, ukeblad, vei, verden, øye

Her gjeld det same som ovanfor: feila går i retning bokmål (ei endring som òg kan ha støtte i talemålet). Nokre av dei registrerte formene har likevel klart dialektgrunnlag: *fing* (= finger), *hue* (= hovud) og *kyr*, *kyra* (= ku, kua), *ledar* (= leiar), *skjeve* (= skive), *spil* (= spegel).

### Feil i konsonantismen

Her finst det mangt ein kunne ta fatt i, men eg tek for meg berre nokre typar som går att, og som kan ha interesse i denne samanhengen.

- **Dobbelkonsonant der nynorsk har enkel, medan bokmål har dobbel**

dritt, føtter, glass, grønnsak, gutt, kobber (kopar), kullkraft, skjell, skudd, smilehull, solskinn, spellar/spiller, spill, tall, telling, vannballong

Det er vanskeleg å seia om dobbelkonsonantane kjem av talemålet, eller av påverknad frå bokmål. Ei form som *spellar* synest å ha talemålsgrunnlag, i og med at ho skil seg frå båe skriftmåla. Det same kan ein tru om skrivemåten *tunell*, som samsvarer med vestlandsk uttale med trykk på andre staving.

- **-ing-ord som blir skrivne med -ning, eller -ning ord som blir skrivne med -ing**  
ansiktsløftning, forskning, oppfatting, oppløysning (= oppløysing), tilknytning, unnskulding, unnskylding, utvisning

Suffikset -ning er mykje brukt i bokmål, og smittar nok til ein viss grad over på nynorsk. Dessutan er det ein del vakling i talemåla når det gjeld uttalen av desse orda.

- **Konsonant blir endra, anten ved at han fell bort, eller ved at han blir erstatta av ein annan konsonant**  
brødre, bølge, ferge, forbedring, følge (= følgje), havn, navn, Norge, oppkobling, regning, savn, smørar (= smørjar), somar (= sommar), stevne, tilvalg, tjeneste, valg, vann

Konsonantsambandet -mn ser ut til å vera på gli mot -vn, som går att svært ofte, i ord som *havn, navn, savn, stevne*. Forma *valg* går òg att mange gonger.

- **-j- etter g og k i etterlyd**  
kroppsbyggjing, menneske, stykkje (= stykke), utbyggjing, ynskje (= ynske), øydeleggjing

Det er ikkje så mange døme på -j- etter g og k i etterlyd der han ikkje skal vera med, men han dukkar opp nokre gonger i verbalsubstantiv på -ing og framfor trykklett -e i nøytrum. Denne feilen er nok meir vanleg enn dette materialet gir inntrykk av.

## Verb

### **Feil i bøyingsmorfem**

#### A-verb blir bøygde som e-verb

Denne feilen går att, både i presens og preteritum. Eg har valt å skilja mellom presens og preteritum når eg listar opp feila, for elevane er slett ikkje konsekvente, og kan godt bøya det same verbet som a-verb i eitt tempus, og som e-verb i eit anna.

- **A-verb som blir bøygde som e-verb i presens**  
angrer, avslutter, banker, behandler, blafrer, blander, blender, blinker, borer, bukker, byrjer, børster, danner, dukker, dumper, elsker, ender, filmer, fisker, flagrer, fosser, gauler, grenser, griser, hater, havner, herser, hopper, hugser/husker, hulker, jobber, kaller, kaster, kiker/kikker, kjeder, kjefter, kjemper, klager, klamrer, klatrer, kostar, krabber, krangler, krysser, lager, lystrer, makter, maser, merker, mumler, myldrer, nekter, ofrer, opner, oppdager, ordner, orker, passer, plager, planter, pumper, renser, rydder, scorer, skammer, skimter, skøyter, slanker, slapper, slutter, snakker, sovner, sparker, speider, stabler, starter, staver, stilner, stopper, stormer, støtter, surfer, svimer, svinger, sykler, tilbringer, titter, trener, truer, tråkker, tukler, tvinger, utelukker, vakner, vandrer, venter, virker, ypper
- **A-verb som blir bøygde som e-verb i preteritum eller perfektum**  
endte, jagde, hopte, kalte – kalt, lagde, lokte, malt, pratte, salte – salt, skorte, skunde, skyndte, snakkte – snakkt, svingde/svingte, sårde, trente – trent

I tillegg kjem dei uregelrette formene *bragte* og *tilbrakte*, som nok er meir kjende enn den nynorske bøyingsforma *bringa*.

Av desse listene får ein det inntrykket at alle slags a-verb kan få -er-ending i presens, medan det er ei meir avgrensa gruppe a-verb som blir bøygde som e-verb i preteritum. Nokre av desse feila er i samsvar med dialekten til elevane. Formene *endte* og *kalte* finst truleg i talemålet i alle distrikt som er representerte i materialet, mens feil av typen *hopte*, *lokte*, *skorte*, *snakkte* er typiske for Vest-Agder og Rogaland, der dialekten har desse formene. (*Lokte* er her faktisk registrert på Austlandet.) *Pratte* er òg ei typisk dialektform frå Vestlandet.

Av 269 elevar er det 107 (40 %) som bøyer a-verb som e-verb, ein eller fleire gonger. Det er klart vanlegare at a-verba får e-verb-bøyning i presens enn i preteritum.

44 av 105 austnorske elevar (42 %) bøyer a-verb som e-verb, medan 63 av 164 (38 %) vestnorske elevar gjer det same.

I samband med a-verb må det òg nemnast at mange elevar innimellom bruker bokmålmorfemet -et når dei bøyer verb i preteritum og perfektum, men dei færraste gjer det konsekvent. Heile 64 elevar bruker denne endinga ein eller fleire gonger – av dei 27 frå Austlandet og 37 frå Vestlandet. Det er stort sett a-verb som får denne bøyninga, men også sterke verb.

### E-verb blir bøygde som a-verb

Også her har eg skilt mellom presens og preteritum når eg listar opp feila.

- **E-verb som blir bøygde som a-verb i presens**

arrangerar, balanserar, begynnar, byggar, delar, eksploderar, flirar, fortinar, framstillar, funderar, fungerar, følar, førar, gledar, hellar, hylar, høyrar, involverar, kjennar, kjøpar, knelar, kommenterar, lurar, marsjerar, meinar, minnar, misunnar, møtar, nevnar, pleiar, prøvar, registrerar, reisar, ringar, seiar, serverar, skadar, skjular, slyngar, smilar, spreiar, studerar, støytar, svellar, tenkjar, tydar, tålar, utførar, verkar (= verkjer), visar, ønskjar

- **E-verb som blir bøygde som a-verb i preteritum**

akkompagnera, arbeida, avkjøla, bløma, bytta, dekka, demma, esa, fordøya, fresa, gleda, klippa, knytta, leia, lura, nøla, opparbeida, prøva, rykka, røyka/røykja, ráda, skada, slynga, smila, sopa, strømma, stønna, svelga, sørga, tenka, tyda, vekkja, verka (= verkte), ønska

Ord som går att ofte, er *byttar – bytta*, *gledar – gleda*, *knyttar – knytta*, *skadar – skada*, *ønskar – ønska*.

Vidare er det ikkje uvanleg at framord med infinitiv på -era får -erar i presens. Derimot er det sjeldan at dei får -a i preteritum. Det vil seia at desse verba får blanda bøyning, som mange andre e-verb med norsk opphav.

Det er mange døme på at e-verb blir bøygde som a-verb, både i presens og preteritum. Av 269 elevar er det 110 (41 %) som gjer denne feilen, ein eller fleire gonger.

54 av 105 austnorske elevar (51 %) bøyer e-verb som a-verb, medan 56 av 164 vestnorske elevar (34 %) gjer det same. Også her kan det tenkast at elevar set inn meir a-ar enn det skal vera, ”fordi det kling nynorsk”.

I samband med e-verb kan det elles høva å nemna verb med stamme som endar på -r, og som ikkje kan ha -te i preteritum, nemleg *høyra* og *køyra*. Materialet har ni døme på skrivemåten *høyerte* og eitt døme på *køyerte*.

### Sterke verb som blir bøygde som svake

Også her har eg skilt mellom presens og preteritum, fordi elevane ikkje nødvendigvis behandler eitt og same ord konsekvent.

Sjølv om nynorsk framleis har sideforma -er i presens av sterke verb, har eg registrert alle presensformer av sterke verb der denne forma er brukt. Det er neppe dialektgrunnlaget som er årsaka til at elevane bruker denne forma, men innverknad frå bokmål. Elevar frå storparten Vestlandet har rett nok svarabhaktivokalen i presens av sterke verb. Den kan ein sjå slår gjennom, helst hjå svake elevar som skriv svært talemålsnært, ved at dei skriv ”gjelde”, ”finne”. Men elevane på Vestlandet er ikkje lærte opp til å nytta -er-forma fordi ho samsvarer med talemålet deira, og dei som er støe i nynorsk rettskriving, bruker ikkje -er i presens av sterke verb.

- **Sterke verb som blir bøygde svakt i presens**

bedriver, berer, beskriver, bindar, brenner, detter, dreper, driver, faller, finner, flyter, fyker, gidder/giddar, gjelder, griner, griper, gråter, henger, hiver, holder, inneholder, kommer/kommar/kåmer, legger/leggjer, leser, lider, ligger/liggjer, nyter, rekker, renner, ryker, sitter, skjærer, skriker, skriver, skvettar, slippa, slitar, smeller, sover, springer, stiger, stikker, suger, trenger/trengjer/trengar, vinner, vokser, øydeleggjer

- **Sterke verb som blir bøygde svakt i preteritum**

gidde (= gav), gnogde (= gnog), lata (= lét), leste, ljugde (= laug), nyta (= naut), skinte, trengde/trengte/trenkte, vakste (= voks), veide

- **Sterke verb som blir bøygde svakt i perfektum**

avbrutt, begravd, bindt, brutt, drept, falt, forbudt, forlatt, gravd, haldt/heldt/holdt (= halde), komt/kommt, latt, lest, overlatt, rekt (= rokke), skrivd, skutt, slitt, trengt/trongd (= trunge), vokst, vært/vert

Ei av dei formene som går att oftast, er -er i presens av sterke verb. 80 elevar har brukt denne forma, 32 frå Austlandet og 48 frå Vestlandet. Sjølv om det er tillate i nynorsk, er elevane neppe medvitne om at dei verba som vanlegvis får omlyd i presens, også skal ha omlyd når ein bruker forma med -er. Iallfall finn eg ingen døme på at dei som bruker -er i presens av sterke verb, òg bruker former med omlyd. Det er altså ingen som skriv ”feller, græter, kjemer, sører” o.l. Ein må rekna med at det er ein viss smitteeffekt frå presens av e-verb (og frå bokmål) til presens av sterke verb.

Ser me vidare på preteritumsformene, så er det eit klart samanfall mellom fleire av dei formene som her blir bøygde svakt, og verb som får svak bøyning i bokmål. *Gidde, lata, ljugde* og *nyta* må nærmest kallast barnespråk, men *gnogde* kan ha samanheng med *gnagde*, *vakste* med bokmål *vokste*, og *lest*, *skinte*, *trengte* og *veide* er bokmålsformene som tilsvarer dei sterke nynorskformene.

44 elevar har bøygde eitt eller fleire sterke verb svakt i preteritum (19 frå Austlandet, 25 frå Vestlandet). *Leste* er ei av dei formene som går att ofte.

91 elevar har bøygde eitt eller fleire sterke verb svakt i perfektum (32 frå Austlandet, 59 frå Vestlandet). Det er særleg formene *drept, latt, lest* og *vært* som går att her.

I tillegg er det mange døme på at elevane forvekslar det transitive og det intransitive verbet, særleg *leggje* og *liggje*, og *setje* og *sitje*.

Av 269 elevar er det heile 158 (59 %) som gjer den feilen at dei bøyer sterke verb som svake. 63 av 105 austnorske elevar (60 %) bøyer sterke verb som om dei skulle vera svake, medan 95 av 164 vestnorske elevar (58 %) gjer det same.

### Svake verb som blir bøygde som sterke

Også her deler eg inn avvika etter dei ulike tidene av verbet.

- **Svake verb som blir bøygde sterkt i presens**  
fyl (fylgjer), føretrekk, hell (= heller), hjelp, lev, send, skryt, slepp (= slepper), spis, strekk, tilbring, treff, trekk
- **Svake verb som blir bøygde sterkt i preteritum**  
grøss, heit (= heitte), hjalp, kvei (= kvidde) laud/lød (= lydde), skraut (= skrytte), slang (= slengde), strakk, traff/traft, trakk, tvang
- **Svake verb som blir bøygde sterkt i perfektum**  
brukket, hjelpe/jolpe/hjulpet, truffe/truffet, trukke

Også her ser me ein samanheng mellom dei verba som nynorskelevane gir sterk bøyning, sjølv om dei i nynorsk skal ha svak bøyning, og bøyninga desse orda har i bokmål. Dei orda som i preteritum blir bøygde sterkt, har stort sett ei sterk form i bokmål. Det gjeld *heit* (bm. *het*), *hjalp*, *lød*, *skraut* (bm. *skrøt*), *strakk*, *traff*, *trakk* og *tvang*.

Derimot må dei korte presensformene ha presensbøyning av sterke verb, eventuelt j-verb, som førebilete. Ei form som *fyl* kan godt ha dialektgrunnlag, for på Sør-Vestlandet blir ordet uttala /føl'e/. Tilsvarande kan det der heita /skryd'e/ med tonem 1. Dei andre presensformene her må nok heller kallast private variantar, av typen "hypernynorsk".

27 av 105 austnorske elevar (26 %) bøyer svake verb som om dei skulle vera sterke, medan 42 av 164 vestnorske elevar (26 %) gjer det same.

### St-verb

Mange elevar synest å ha problem med bøyninga av st-verb.

- St-verb i presens  
Finnast/finnes, høyrast, syns/synst/synast, trivast/trivest/trives
- St-verb i preteritum  
Fantes, høyrtes, syntast, trivdes/trivst

Eg har registrert at 21 elevar har brukt feil form i presens, og sju har feil form i preteritum.

## Feil i leksemet

### Feil i vokalismen

- **Feil i rotvokalen, infinitiv og presens**

beholde, bo, briste, bur (= byr), bære, gjære (= gjere), hilse, holde, hugge, inneholde, kommer, let (= imp. lat), ljuge, nerma, påvirke, råtne, se, sjår (= ser), skjære (= skjere), skora (= skåra), slippe, stlost/sloss (= slåst), slukke, snegla, spille, tro – tror, trossa, vakse (= vekse), vara (= vera), virke, vokse, vugge, være, værke (= verkje), våkne, åpne

Særleg frekvente er feil som *bo*, *holde*, *se*, *virke*, *være*, *våkne* og *åpne*.

- **Feil i rotvokalen, preteritum og perfektum partisipp**

bindt (= bunde), busatte, detti (= dotte), dreve, finne (= funne), fløtta/fløtte (pret.), fore (= fare), forlot, fulgte, gjedd (= gitt), gråt (= gret), haldt/holdt (= heldt), hjalp, krevde, kvalte, lat (= let), log (= låg), lokte (= lukka), lot, opphaldt (= oppheldt), rakte – rakt, reve (= sup. rive), sang, satte – satt, skreve/skrevet (= sup. skrive), slang, sneke (= snake), songe (= sunge), stege (= stige), svømde/symde, såte (= sete), trondg (= trunge), turde/tørte, turt (= tort), utsatt, vaks (= voks), vokst (= vakse), åte (= ete)

Det er særleg sterke verb, j-verb og verb med uregelrett böying som er registrerte her, og det ser ut til at mange elevar blir usikre på korleis desse orda skal böyst.

Særleg frekvente er feil som *gråt*, *holdt*, *sang*, *satte*, *vokst*.

- **Diftong blir til monoftong**

ble, brer (= breier), bøgde (= böygde), fløt (= flaut), forsinka, gjemme, glemme, grep, leker/lekar, mener, preke, rense, si/sie – sier, skrek, sprer – spredder, støte, utstøtt, vet/vett (= veit), ødela, øke

Desse feila samsvarer stort sett med rettskrivinga i bokmål. Eit unntak er *bøgde*, som går parallelt med *pløgde* t.d. *Vett* er vanleg dialektuttale for veit, og former som *forsinka* og *utstøtt* kan like gjerne forklarast med at diftong ofte blir uttala som monoftong framfor konsonantgruppe.

Særleg vanlege er formene *si* – *sier*.

- **Feil diftong, eller diftong der det skal vera monoftong**

brøyt, draume (= drøyme) – draumt, føyk, pleie – pleide, røyre – røyrde/røyrte (= røre), røyste (= reiste), strauma (= strøymer), strøyk

Preteritumsformene *brøyt*, *føyk* og *strøyk* har truleg grunnlag i dialektuttale, og likeins forma *røyste*, som førekjem fleire gonger hos vestlandselevar. Også verbet *pleie* har sterkt grunnlag i talemålet og ser ut til å ha teke heilt over for *pla*; forma *pleie* går att mange gonger, medan *pla* ikkje førekjem i det heile. Formene *draume*, *straume* og *røyre* må helst katagoriserast som hypernynorsk.

- **Kortformer av verb**  
gjer/gjør, sei, spør, ver/vær

På delar av Vestlandet er det vanleg å kutta av infinitivsendinga i visse verb, og det speglar seg i mange av tekstane frå det området. Dessutan finn me skrivemåten *he* (= har), *ska* (= skal), *sko/sku* (= skulle), *tru* (= trur).

### Feil i konsonantismen

- **Dobbel konsonant der nynorsk har enkel**  
bytte, drypp, fortella, ligge/liggi, opperere, satt (= sat), sitte/sotte (= sete), skille, skinne, spille/spella, spørre, stirra
- **Bortfall av konsonant i ending**  
arbeid (sup.), ba, dro, døyde/døde – døyd, eide, ga, greide – greid, heite (= heitte), leide – leid, lå, overga, spreid, så, tilba
- **Bortfall av j etter -lg-, -nsk- og i infinitiv av j-verb**  
følge, kreva, smøre, spøre, ønske
- **Endring av konsonant**  
brant, falt, fant, forsvant, fortjener, hald (= heldt), havne, heldt (= held), husker – huska, klyft (= klypt), ligne, nevne, omfavna, rant, savne, seile, selge, smalt, stjole (= stole), tjene, valgt, vant, velge, verge
- **I ein del ord er både vokal og konsonant endra:**  
avbrutt, bragte;brakte, fulgte, gjennomskue, jevne, led, løy (= laug), rødma, skua, solgte, svømme

Formene i det siste punktet samsvarer fullt ut med bokmål, og i den grad det er dialektgrunnlag for dei, er det helst fordi dialekten har teke opp bokmålsforma.

### Samsvarbøyning av sterke partisipp og adjektiv på -en

Tanken var at eg skulle registrera manglande samsvarbøyning av sterke partisipp og adjektiv på -en. Materialet er svært lite, fordi slike former ikkje går att særleg ofte. Men det generelle inntrykket mitt er at mange elevar meistrar samsvarbøyning av sterke partisipp. Alle døma på feil bruk viser partisippet i predikativ stilling:

- Austlandet (12 døme):  
Han vart teke, han var kome,  
Ho blir oppgjeve, ho var utskrive, ho vart vege  
Dei blei skote, dei blei teke, dei er blåse, dei er reve, dei var komme, dei er komme, dei vart avbrote
- Vestlandet (8 døme):  
Eg var kome  
Han står skreve  
Ho var kome  
Dei var drepe, me var kome, dei var sprukke, dei vart truffe

Det er rimeleg at austlandselevane har meir problem med samsvarbøyinga enn vestlandselevane, for samsvarbøyinga av sterke partisipp er ikkje så gjennomført på Austlandet som på Vestlandet. Elevane i materialet er frå område med midlandsma (Gudbrandsdalen, Hallingdal og Aust-Telemark). I Gudbrandsdalen manglar samsvarbøyinga heilt i predikativ stilling, og ho er på tur ut også i Hallingdal, først og fremst i fleirtal, men også i eintal. Det er då inkjekjønnsforma som blir brukt, som i dei fleste døma ovanfor.

Når det gjeld reine adjektiv på -en, har eg ikkje funne mange av dei, og eg har ikkje funne nokon feil i bøyninga av dei. Eitt adjektiv som det ville ha vore aktuelt å registrera, er *gulen*. Men det blir stort sett brukt utan ending: *gal*.

Her må det dessutan nemnast at svært mange (uekte) partisipp som skulle hatt sterk bøyning, har fått svak bøyning i materialet – og dermed var det ikkje aktuelt å registrera dei her. Døme: *utslitt, begravd, nedgravd, skamfart*

## Pronomen

Eg har registrert feil i bruk av pronomena *annan, ingen* og *nokon*. Det er heilt klart at pronomenet *nokon* representerer eit problem for mange. Det er vanskelegare å seia noko om *annan* og *ingen*, fordi dei ikkje er så frekvente. Tala nedanfor viser kor mange elevar som har gjort kvar feil; somme har gjort same feilen fleire gonger, men då har eg talt han berre ein gong.

I materialet er det:

- sju som har skrive *anna* i staden for *annan*
- tre som har skrive *ingen* i staden for *inga*
- ein som har skrive *inga* i staden for *ingen*
- 37 som har skrive *nokon* i staden for *nokre*
- fire som har skrive *nokon* i staden for *noka*
- fem som har skrive *nokre* i staden for *nokon*
- fire som har skrive *noko* i staden for *noka*
- ein som har skrive *noko* i staden for *nokre*
- fire som har skrive *noko* i staden for *nokon*

Eg har ikkje talt opp kor ofte desse pronomena blir brukte rett, men inntrykket er at i allfall *nokon* like ofte blir brukt feil som det blir brukt riktig.

Prosentvis er feil bruk av pronomenet *nokon* nokså likeleg fordelt på Austland og Vestland: 20 elevar på Austlandet (19 %) og 35 på Vestlandet (21 %).

Eg har ikkje registrert nokon andre pronomen systematisk, men legg merke til at svært få elevar meistrar skiljet mellom subjekts- og objektsform i andre person fleirtal. Dei blanda altså *de* og *dykk*, eller skriv konsekvent *dykk*, eventuelt *dåke/dåkke*.

Derimot har eg ikkje registrert ei tilsvarande vakling i fyrste person fleirtal, sjølv om ein kunne venta å finna *oss* som subjektsform i tekstar frå Gudbrandsdalen og Sunnmøre. Grunnen kan vera at den forma har vore lite frekvent i desse tekstane.

## Oppsummering

Materialet omfattar eksamenssvar frå 269 tiandeklassingar frå våren 2000. Dei har alle nynorsk som hovudmål. 105 elevar kjem frå Austlandet, og 164 frå Vestlandet.

I substantivbøyninga kjem særleg tre tendensar til syne:

- Elevane vaklar når dei skal bøya substantiva etter kjønn, og endringane samsvarer ofte med bokmål, med eitt unntak: framord som endar på trykklett -e, får ofte hokjønnsbøyning, i samsvar med mange målføre.
- Elevane er ikkje konsekvente når det gjeld bøyting av enkelsubstansiv.
- Dei er ikkje støe på fleirtalsbøyninga, sjølv om dei veit kva kjønn ordet har i eintal, og det er ein tendens til at svært mange substantiv av ulike kjønn får -er, -ene i fleirtal. Det er altså ein tendens til forenkling av bøyningssystemet.

I verbbøyninga kan me likeins sjå tre tendensar:

- Elevane vaklar mellom ulike bøyingsmønster når dei skal bøya verb.
- Dei er ikkje konsekvente når det gjeld bøyting av enkeltverb.
- Dei er ikkje støe på sterkt og svakt bøyting av verb, og det er ein tendens til at dei gir svært mange verb svakt bøyting både i presens og i preteritum/perfektum partisipp. Også her er det såleis ein tendens til forenkling av bøyningssystemet.

Når det gjeld feil i leksem, er det to fellestrekk som gjeld både substantiv og verb:

- Den endra forma samsvarer ofte med det tilsvarende bokmålsordet.
- Andre leksemfeil har ofte eit reink dialektgrunnlag – men dei er færre enn avvika i retning bokmål.

### 3 Feiltypar etter kategori

Dette materialet har eg samla gjennom mange år – av ulike grunnar. Det begynte med at eg trøng døme til eit hefte om praktisk nynorsk der eg var medforfattar. Vinteren 2001 vart eg kontakta av Nynodata, som bad meg laga ei oversikt over typiske feil i nynorsk – med tanke på retteprogramma dei lagar. Det materialet har eg no kategorisert slik at det vonleg kan vera til nytte for språknormerarane.

Feila har eg registrert litt tilfeldig, dels frå Syn og Segn-tekstar eg har retta, dels frå andre bok- og artikkelmanus, dels frå lokalavisene Valdres og Hallingdølen, frå Dag og Tid, og frå kommunale sakspapir. Stort sett har det vore personar med nynorsk som hovudmål som har skrive desse tekstane, og eg har registrert berre feil som eg meiner går att hos mange nynorskskribentar.

Feiltypen står til venstre, den rette forma til høgre.

#### Bøyingsfeil

##### **Substantiv, eintal**

(Her har eg berre teke med substantiv som ofte får feil kjønn i eintal. Når ord blir bøygde feil i fleirtal, er det nok ofte ei overføring frå bokmål, utan at skribenten tenkjer på kva kjønn ordet har i eintal.)

##### Hokjønnsord får hankjønnsbøyning

fløyen	fløya
formen	forma
historien	historia
interessen	interessa
normen	norma
oversikten	oversikta
rammen	ramma
reformen	reforma
rollen	rolla
saken	saka
setningen	setninga
stillingen	stillinga
tiden	tida
skråningen	skråninga
tenesten	tenesta

##### Hankjønnsord får hokjønnsbøyning

analysa	analysen
annonsa	annonsen
appelsina	appelsinen
dialekta	dialekten
kommuna	kommunen
kontakta	kontakten
nerva	nerven

pausa	pausen
reklama	reklamen
rutina	rutinen
skula	skulen
tomata	tomaten

### Hankjønnsord får inkjekjønnsbøyning

appelsinet	appelsinen
medlem(m)et	medlem(m)en
medlemskapet	medlemskapen
meisterskapet	meisterskapen
reiskapet	reiskapen
rekneskapet	rekneskapen
stedet	staden
vennskapet	vennskapen
verkstedet	verkstaden

### Hokjønnsord får inkjekjønnsbøyning

sagnet	segna
samveret	samvera

### Inkjekjønnskjønnsord får hokjønnsbøyning

samværa	samværet
---------	----------

### Andre uregelrette mønster blir bøygde feil

fedre – fedrene	fedrar – fedrane
midlar – midlane	middel – midla (ub fl av eit middel)
mødre	mødrer
systra – systre	systera – systrer

### Feil fleirtalsbøyning av substantiv som er avleidde av verb, og andre på -ar

arbeidare – arbeidarne	arbeidarar – arbeidarane
forfattare – forfattarne	forfattarar – forfattarane
toradare – toradarne	toradarar – toradarane

### Feil fleirtalsbøyning av nøytrumsord som endar på -e:

epler – eplene	eple – epla
møter – møtene	møte – møta

### Feil bøyning av nokre vanlege framandord

fora – foraet – fora – fora	forum – forumet – fora/forum – fora/foruma
media	medium – mediet – medium – media

## **Verb**

### Sterke verb som får svak bøyning

dreper – drepte – drept	drep – drap – drepe (pres., pret., perf.part. av drepe)
graver – gravde – gravd	grev – grov – grave (pres., pret., perf.part. av grave)

holder – holdt – holdt  
leser – leste – lest  
skinner – skinte – skint  
suger – sugde – sugd  
trenger – trengte – trengt  
vokser – vokste – vokst  
vært

held – heldt – halde (pres., pret., perf.part. av halde)  
les – las – lese (pres., pret., perf.part. av lese)  
skin – skein – skine (pres., pret., perf.part. av skine)  
syg – saug – sage (pres., pret., perf.part. av suge)  
treng – trong – trunge (ha bruk for)  
veks – voks – vakse (pres., pret., perf.part. av vekse)  
vore (perf.part. av vere)

### J-verb som får svak bøyning i presens

krever – krevde – krevd  
setter – satte – satt  
skyler – skylte  
teller – telte – telt

krev – kravde – kravd  
set [sett] – sette – sett  
skyl – skylde [skylte]  
tel – talde – talt

### Svake verb som får sterk bøyning

bygg  
hjelp – hjalp – hjulpe  
lev  
skryt – skraut  
slepp – slapp  
treff – traff – truffe  
trekk – trakk – trukke  
tvang – tvunge

byggjer (presens av å bygge)  
hjelper – hjelpte – hjelpt (pres., pret., perf.part. av hjelpe)  
lever (presens av å leve)  
skryter – skrytte (pres., pret. av skryte)  
slepper – sleppte (pret., perf.part. av å slekke, transitivt verb)  
treffer – trefte – treft (pres., pret. , perf.part. av treffen)  
trekkjer – trekte – trekt (pres., pret. , perf.part. av trekkje)  
tvinga (pret., perf.part. av å tvinge)

### E-verb som blir bøygde som a-verb

arbeidar – arbeida  
byttar – bytta  
dekkar – dekka  
-erar  
knyttar – knytta  
krenkar – krenka  
merkar – merka  
rykkar – rykka  
røykar – røyka  
leda – leda  
leia – leia  
styrkar – styrka  
svekkar – svekka - svekka  
tiar – tia – tia  
ønska

arbeidde – arbeidd (pret., perf.part. av å arbeide)  
bytte – bytt (pret., perf.part. av å byte)  
dekte – dekt (pret., perf.part. av å dekkje)  
-erer (ending i presens av verb på -ere)  
knytte – knytt (pret., perf.part. av å knyte)  
krenkte – krenkt (pret., perf.part. av å krenkje)  
merkte – merkt (pret., perf.part. av å merkje)  
rykte – rykt (pret., perf.part. av å rykkje)  
røykte – røykt (pret., perf.part. av å røykje)  
leidde – leidd (pret., perf.part. av å leie)  
leidde – leidd (pret., perf.part. av å leie)  
styrkte – styrkt (pret., perf.part. av å styrkje)  
svekkjer – svekte – svekt (pres., pret., perf.part. av å svekkje)  
teier – tagde – tagd el. tagt (av å teie)  
ønskte – ønskt (pret., perf.part. av å ønskje)

### A-verb som blir bøygde som e-verb

trener – trente  
feier – feidde

trenar – trena (pres., pret. av tren)

### Anna feil bøyning

bøyde – bøyd  
døde/døyde – døyd  
greide – greid

bøygde – bøygd (pret., perf.part. av å bøye)  
døydde – døydd (pret., perf.part. av å døy)  
greidde – greidd (pret., perf.part. av å greie)

leide – leid	leidde – leidd (pret., perf.part. av å leie)
si – sier	seie – seier (inf., pres.)
tier – tidde – tidde	teier – tagde – tagd el. tagt (av å teie)
tøyde – tøyd	tøygde – tøygd (pret., perf.part. av å tøye)

## Adjektiv

breit	breitt
greit	greitt
leit	leitt

## Pronomen

### Feil pronomenform

dykk	de (subjektsform, 2. person fl.)
den	han/ho (peikande pronomen utan trykk)
nokon	noka/nokre (hokjønn og fleirtal av nokon, i setningar som ikkje inneheld spørsmål el. nektingar)
annan	anna (hokjønn, inkjekjønn eintal)

## Hybride ordformer, enkeltord

### Leksemet tilsvarer bokmål, bøyninga er oftast nynorsk

#### Substantiv

(Når bokmålsleksemet vanlegvis har eit anna kjønn enn nynorskleksemet, er bøyninga på bokmålsleksemet også ført opp.)

albue	olboge -en
andel	del, prosentdel, part
ankel -en	okle -a el -et
antal/antall	tal, talet på
aske	oske -a
befaring -a el. -en	synfaring -a
begrep	omgrep -et
bod -en	bu -a
bolig	bustad -en
bud	bod -et
bølge	bølgje -a
doktor	dokter -en
dråpe	drope -en
egenandel	eigendel -en
eiendel	eigedel -en
fløte	fløyte -en
forestilling -a el. -en	framsyning -a (teater-)
forestilling -a el. -en	førestelling -a (tanke)
forskning -a el. -en	forsking -a
følge	følgje -a

følge	følgje -et
gang	gong -en (det var ein g.)
gange	gonge -a (ute-)
gave -a el. -en	gåve -a
gård	gard -en
-het -en	-heit -a
hjem -met	heim -en
hjemmel	heimel -en
hode	hovud -et
hoved-	hovud-
høgde	høgd -a
høst	haust -en
kilde -a el. -en	kjelde -a
klær	klede pl.
knytte	knyte -et
legemiddel	lækjemiddel -et
leie	leige -a
leilighet -en	leilegheit -a
leike	leike -a
lengde	lengd -a
lær	lær -et
mandag	måndag -en
marked -et	marknad -en
mengde	mengd -a
middelalder	mellomalder -en
måned	månad -en
oppgave -a el. -en	oppgåve -a
ovn	omn -en
regnskap -et	rekneskap -en
sagn -et	segn -a
salg	sal -et
sang	song -en
savn	sakn -et
skille	skilje -et
skjære	skjor -a
skudd	skot(t)
speil -et	spiegel -en
stang	stong -a
sted -et	stad -en
tegn	teikn -et
tilsagn -et	tilsegn -a
tirsdag	tysdag -en
tjeneste	teneste -a
tro -en	tru -a
uke	veke -a
utredning -en	utgreiing -a
utvalg	utval -et
valg	val -et
verden -en	verd -a
virksomhet -en	verksem -a

vitenskap	vitskap -en
vær	ver -en (saubukk)
vær	ver -et (regn-)
ytelse -en	yting -a
øye	auga el auge -et
åpning -a el. -en	opning -a

### Verb

bo	bu
bytte	byte
bære	bere
bølge	bølgje
forberede	førebu
forestille	førestelle
fortelle	fortelje
fortsette	halde fram
følge	følgje
gange	gonge (v; multiplisere)
hilse	helse
holde	halde
huske	hugse
knytte	knyte
kreve	krevje
lede	leie
lege	lækje
leie	leige
leke	leike
nevne	nemne
pleie	pla
selge	selje
sinke	seinke
skille	skilje
skjære	skjere
skylle	skylje
spille	spele
spre	spreie
svømme	symje
tegne	teikne
telle	telje
tie	teie
tro	tru
velge	velje
virke	verke
vokse	vekse
være	vere
øke	auke
ønske	ynskje el. ønskje
åpne	opne

### Adjektiv

flere	fleire
fornøyd	fornøgd, nøgd
forrige	førre
framtredande	framståande
grusom	grufull
innerst	innarst el inst
jevn	jamn
kyndig	kunnig
lav	låg
mer	meir
motsatt	motsett
muntlig	munnleg
nederst	nedst
nødt	nøydd
ond	vond
råtten	roten
samtlege	alle
vitenskapelig	vitskapleg
ytterst	ytst el yttarst
øverst	øvst
øvrig	annan, rest
åpen	open

### Adverb

annerledes	annleis
ellers	elles
for øvrig	elles
fortsatt	framleis
hjemme	heime
imidlertid	men, likevel, elles
sammen	saman
øst	aust

### Konjunksjonar

hvis	viss
------	------

### Preposisjonar

fra	frå
tross	trass
uten	utan

### Pronomen

samme	same
selv	sjølv
sjøl	sjølv

## Leksemet er ei blanding av bokmål og nynorsk (svensk, dialekt?)

### Substantiv

byggjing	bygging
flyktninge-	flyktning-
fråver	fråvær(e) -t, fråvere -a
gong	gang (hall; i g. med)
kammerat	kamerat
leggjing	legging
medlemsskap	medlemskap
nemd	nemnd
oversymjing	flaum, overfløyming
reidskap	reiskap
rørysle	rørsle
stykke	stykke (s)
styrkjing	styrking
syskjen	sysken
trafikkant	trafikant
vegleiing	rettleiing
vikinge-	viking-
virksomheit	verksemd
ynskje	ynske
ønskje	ønske

### Verb

ba	bad (pret. av å be)
børje	byrje
båre	bore (perf.part. av bere)
føyre	føre
ga	gav (pret. av gi/gje)
gjer	gir el. gjev (pres. av gi/gje)
gjett	gitt el. gjeve (perf.part. av å gi/å gje)
pløydde	pløgde (pret. av å pløye)
seinke	senke (sige, falle)
selgne	selje (v)
skulere	skolere
skyle	skylje (inf. av j-verb)
somne	sovne
sømje	symje
tie	teie
tøydde	tøygde (pret. av å tøya),
utvekle	utvikle
vaks – vokse	voks – vakse (pret., perf.part. av vekse)
velgne	velje
velgne	velje
være	vere

*Adjektiv*

fleist	flest
framrakande	framifrå, framståande
framst	fremst
jamnaldra	jamaldra
jamnleg	jamleg
jamnsides	jamsides
kjøleg	kjølig
meire – meist	meir – mest
overvegande	stort sett, for det meste, mesteparten
vegleiande	rettleiande

*Pronomen*

einkvar	kvar (ein), kvar og ein
---------	-------------------------

# Litteratur

## Materiale for eiga undersøking

Det er henta frå KAL-prosjektet v/Wenche Vagle, Universitetet i Oslo, og omfattar eksamenssvar frå avgangsprøver i norsk hovudmål i grunnskolen, år 2000.

## Tidlegare arbeid som har gitt materiale eller tips til metode:

- Berge, Kjell Lars 1994. *Norskssensorenes vurderinger av eksamensbesvarelser i norsk hovedmål, allmennfaglig studieretning : en undersøkelse av norskssensorenes bedømmersamsvar og tekstnormer, sensurenens pålitelighet og gyldighet, med vekt på kar aktersettingen.* (Rapport / Skrive-puff, utvikling av skriftspråklig kompetanse ; nr. 14.) Trondheim : Allforsk, 1994.
- Hoel, Trude 1995. *Rettskrivingsnormaler - til hjelp eller til besvær? : en vurdering av "vide" og "snevre" rettskrivingssystem i skandinaviske språk.* Hovudoppgåve. Høgskolen i Agder/Universitetet i Oslo.
- Hultman, Tor G., og Lars Vassenden 1994. *Språklig nivåsenking?* (ADH-serien ; nr 73.) Kristiansand : Agder distriktshøgskole, 1994.
- Stauri, Tormod: "Kor godt meistrar kommande lærarar nynorsk? Didaktiske refleksjonar kring ei undersøking av nynorsk-dugleik i eksamenssvar." Upublisert artikkel.
- Thygesen, Ragnar 1992. *Språknormkonflikt og skrivevansker. en empirisk studie av sammenhengen melom tale-skriftspråk diskrepans og utvikling av ortografiske skrivevansker.* (Skriftserie fra Pedagogisk institutt, rapport nr. 3.) Universitetet i Trondheim.
- Wiggen, Geirr 1992. *Rettskrivingsstudier II: Kvalitativ og kvantitativ analyse av rettskrivingsavvik hos østnorske barneskoleelever 1-2.*
- Wiggen, Geirr 1996. "Norsk rettskriving: Hva er vanskelig for elevene, og ..." I: Helge Omdal (red.): *Språknormering og språkbrukar.* Kristiansand. S. 149-165.

## Annan litteratur eg har brukt i arbeidet:

- Hellevik, Alf 1981: *Norsk på ny – nynorsk.* Oslo.
- Kleiva, Turid ofl. (red.) 1999: *Austlandsmål i endring.* Oslo.
- Skjekkeland, Martin 1977: *Målføre og skriftmål.* Oslo.
- Skjekkeland, Martin 1997: *Dei norske dialektane.* Kristiansand.
- Venås, Kjell 1977. *Hallingmålet.* Oslo.
- Venås, Kjell 1990. *Norsk grammatikk – nynorsk.* Oslo.